



Kongshaugstranda reinseanlegg - spørsmål om alternativ utgreiing

Dokumentinformasjon:

Saksbehandlar: Elin Moen	Arkivsak: 23/443
E-post: postmottak@alesund.kommune.no	Journalpost: 23/438

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
065/23	Kommunestyret	07.12.2023

065/23 - Kommunestyret

Vedtak:

Kommunestyret ber om å få lagt fram ei sak til kommunestyremøtet 08.02.2024 der ein skal ta stilling til om det skal gjennomførast utgreiing av alternativ til felles renseanlegg for Ålesund kommune.

Behandling:

Votering:

Ordførar Håkon Lykkebø Strand (FRP) opplyste at det er innstilling frå ordførar i saka, og ikkje kommunedirektøren slik det står.

Ved votering vart innstillinga frå ordførar vedtatt med 31 mot 16 stemmer. Desse 16 stemte mot:

AP: Anne Berit Støyva Emblem, Geir Ove Leite, Henriette Bryn, Ove Lars Økland, Sagvan Fathi Abdal, Sindre Nakken, Svein-Rune Johannessen

H: Elin Dyrkorn, Frode Andresen, Jan Ove Husøy, Jessica Gärtner, Lene Vadseth Larsgård, Monica Molvær, Nils Jakob Grytten

KRF: Tore Johan Øvstebø, Andrea Hunger

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret ber om å få lagt fram ei sak til kommunestyremøtet 08.02.2024 der ein skal ta stilling til om det skal gjennomførast utgreiing av alternativ til felles renseanlegg for Ålesund kommune.

Saksgang:

Ordførar har bedt om å få framlagt saka til politisk behandling.

Saksopplysningar:

Ordførar Håkon Lykkebø Strand ønsker å få opp til politisk behandling spørsmål om utgreiing av alternativ til felles reinseanlegg. Bakgrunnen for dette går fram av innhald i epost ordføraren har sendt til kommunedirektøren:

Det har nå vært oppslag i media om utfordringer for å erverve grunn knyttet til Kongshaugen reanseanlegg. Slik jeg har oppfattet det kan dette føre til at byggstart utsettes, og at det kan ta lenger tid for å få på plass en avløpsløsning for kommunen.

Ålesund kan ikke sitte å se på at en løsning på avløpssituasjonen i Ålesund skyves enda lenger ut i tid. Dette er med tanke på miljø, og med tanke på kravene vi har fått fra Statsforvalter.

I tillegg ligger det inne en økning i kommunale avgifter for avløp som er skyhøy i kommunedirektørens økonomiplan for de neste årene. Jeg er bekymret for at dette kan være svært økonomisk belastende for kommunens innbyggere.

Politikerne må nå få muligheten til å si om de vil utrede alternativer som kan gjennomføres raskere, billigere og bedre enn det som er planlagt til nå.

På bakgrunn av dette ber jeg om følgende:

Ber om å få en sak om utredning av alternativ til felles reanseanlegg for Ålesund kommune til neste formannskapsmøte. Dette skal ikke gå på bekostning av fremdriften til felles reanseanlegg.

Vurderingar:

Det er behov for å greie ut saka, og det er såleis ikkje tid nok til å få saka opp til politisk behandling før jul. Når det gjeld saksgang har kommunedirektøren derfor avtalt med ordførar at kommunestyret i første omgang tar stilling til om ein skal be kommunedirektøren å legge fram ei sak om utgreiing av alternativ til felles reanseanlegg for Ålesund kommune. Dersom dette blir vedtatt vil kommunedirektøren legge fram ei sak til kommunestyremøtet 8. februar der kommunestyret kan ta stilling til om kommunen skal iverksette alternativ utgreiing. Det er naturleg at saka blir behandla i hovudutval for teknisk, miljø og samferdsel ev. formannskapet før kommunestyremøtet. Som det framgår av eposten frå ordførar er det viktig å presisere at eit eventuelt vedtak om å iverksette ei alternativ utgreiing ikkje skal gå på bekostning av framdrifta til det felles reinseanlegget.

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

